



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
45/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	02.05.2016
38/2016	Kommunestyret	PS	23.05.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Klyve	FA - S10	16/208

### UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD FOR LEIROFOSSEN OG STEINSEDELSELVI KRAFTVERK

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår frå å gje konsesjon til Leirofossen kraftverk.

Etter kommunen si vurdering vil Leirofossen kraftverk vera i strid med den store opplevingsverdien landskapsrommet inn mot Leiro har for reiselivet, inkludert opplevinga av Fjellfossen ned mot Leirovatnet, som kommunen også har rådd frå å byggja ut. I tillegg har dette landskapsrommet potensiale for regionalt friluftsliv med oppleving av fossefall, gammalt kulturlandskap og fiske. Leirofossen er eit eksponert og godt synleg landskapselement frå fylkesvegen i Eksingedalen. Minstevassføringa det er søkt om, vil ikkje vera høg nok til å ivareta den heilskaplege landskapsopplevinga som fossen er ein del av.

Vaksdal kommune rår til utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav:

Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig lakseelv.

Konflikhtar i samband med utbygging av Steinsedalselvi kraftverk er først og fremst knytta til landskap og villrein. Ein vil få eit tap av INON-område på ca 10 km<sup>2</sup>. Alle dei tre inntaka til kraftverket ligg i sårbart høgfjellsområde av høg verdi og leveområde for villrein. Røyrgate fram til inntak 3 vil ha svært negative konsekvensar for store sårbare fjellområde og for leveområde for villrein.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 45/2016**

##### **FPØ - Behandling:**

Endringsframlegg frå Sigmund Simmenes (SP):

*Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må isolerast optimalt.*

Røysting:

Leirofossen: Framlegget frå Sigmund Simmenes fekk 4 røyster (AP, SP) og vart vedteke.

Steinsedalselvi: Vedteke mot 1 røyst (Kjartan Haugsnes, SV)

### **FPØ - Tilråding:**

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk.

Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

Vaksdal kommune rår til utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav:

Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i

Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig lakseelv.

Konflikter i samband med utbygging av Steinsedalselvi kraftverk er først og fremst knytta til landskap og villrein. Ein vil få eit tap av INON-område på ca 10 km<sup>2</sup>. Alle dei tre inntaka til kraftverket ligg i sårbart høg fjellsområde av høg verdi og leveområde for villrein. Røyrgate fram til inntak 3 vil ha svært negative konsekvensar for store sårbare fjellområde og for leveområde for villrein.

### **Kommunestyret - Sak 38/2016**

#### **KOM - Behandling:**

Line Eide Vik ba om at hennar habilitet vart vurdert.

I medhald av § 6 b) i forvaltningslova vedtok kommunestyret samrøystes at ho er ugild i saka.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 5 røyster (SV, Anneli Vatle Lilletvedt (H) og MDG)

#### **KOM - Vedtak:**

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk.

Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

Vaksdal kommune rår til utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav:

Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i

Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig lakseelv.


Konflikter i samband med utbygging av Steinsedalselvi kraftverk er først og fremst knytta til landskap og villrein. Ein vil få eit tap av INON-område på ca 10 km<sup>2</sup>. Alle dei tre inntaka til kraftverket ligg i sårbart høgfjellsområde av høg verdi og leveområde for villrein. Røyrgate fram til inntak 3 vil ha svært negative konsekvensar for store sårbare fjellområde og for leveområde for villrein.

### **Saksopplysningar:**

Grunneigarane ønskjer saman med Blåfall AS å byggja kraftverka Steinsedalselvi kraftverk og Leirofossen kraftverk i Mystervassdraget. Nedbørfelta har utspring i fjellområda aust for Eidfjorden og sør for Eksingedalen. Steinsedalselvi og Leirofossen er del av Mysterelvi. Dette vassdraget er austleg sidegrein til elva Ekso, som renn gjennom Eksingedalen. Samløpet med hovudvassdraget er på Eidslandet om lag 1 km før utløpet i Eidsfjorden. Det vil bli felles stasjon for kraftverka. Minstevassføring storleik med berekna alminneleg lågvassføring.

### **Steinsedalselvi kraftverk**

Kraftverket vil nytta eit fall på 478 m i Steinsedalselvi. Det er planlagd tre inntak på kote 740 og kraftstasjon på kote 262. Frå to av inntaka vil vassvegen gå i tunnel øvst, og blir kopla til nedgrave røyrgate frå det tredje inntaket. Det er planlagd felles kraftstasjon for Steinsedalselvi og Leirofossen kraftverk. Det skal ikkje etablerast veg til inntaka, men det er naudsynt med 750 m ny veg frå Myster til kraftstasjonen. 550 m av vegen er samanfallande med planlagd veg til Fjellfossen kraftverk. Middelvassføringa er 397 l/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1091 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,4 MW og vil etter planane produsere 11,6 GWh årleg. Det er planlagd ei minstevassføring på 20 l/s heile året. Dette er i storleik med berekna alminneleg lågvassføring. Utbyggingskostnad er sett til 3,95 kr/kWh.





Bilete forrige side viser kart over inntak til Steinsedalselvi kraftverk. Inntak 3 lengst nede til venstre i nedgrav røyr, har eit nedslagfelt på berre 0,14 km<sup>2</sup>. og gjev eit stort naturinngrep. Bildet over: Leirofossen øvst; Stigfossen lenger nede. P.g.a. inntaket til Myster kraftverk om lag midt i biletet, er vassføringa i Stigfossen redusert. Kraftstasjonen for Leirofossen kraftverk og Steinsedalselvi kraftverk er planlagt på høgre side nedanfor Leirofossen.




Fig. 4: 3D-modell som viser Steinsedalselvi og Leirofossen kraftverk med inntak og vannvei

## **Leirofossen kraftverk**

Kraftverket vil nytte eit fall på 478 m i Steinsedalselvi og elva frå Leirovatnet. Det er planlagd inntak på kote 326 i begge elvene og kraftstasjon på kote 262. Vassvegen vil bli gravd ned. Det er planlagd felles kraftstasjon for Leirofossen og Steinsedalselvi kraftverk. Vegbygging vil bli som for Steinsedalselvi, med tillegg av 100 m veg til inntaket i Steinsedalselvi. Middelvassføringa er 1417 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 3896 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og vil etter planane produsere 5,73 GWh årleg. Det er planlagd ei minstevassføring på 58 l/s heile året. Dette er i storleik med berekna alminneleg lågvassføring. Utbyggingskostnad er sett til 3,79 kr/kWh.

## Verknad for natur og samfunn

Vassdraget der dei to kraftverka er planlagde, stig raskt oppover dei 300 høgdemetrane som er frå Myster og til Leirovatnet. Midt på stigninga er Stigfossen; øvst ved utløpet i Leirovatnet er Leirofossen. Løftar ein blikket vil ein òg sjå Fjellfossen som startar omkring kote 700 og fell raskt nedover fjellsida noko oppstraums Leirovatnet. Nedanfor Leirofossen finn ein samløpet med Steinsedalselvi. Denne delen av vassdraget er ikkje synleg nede frå Myster. Tiltaksområdet er noko prega av tekniske inngrep. På Leiro nord for Leirovatnet ligg to nedlagte bruk. Sørvest for vatnet i retning Steinsedalselvi ligg Mysterstølen. Fram til desse bygningane går det stiar/stølsvegar. Den eine kryssar Steinsedalselvi med gangbru. Ved planlagd kraftstasjon nær Steinsedalselvi sitt samløp med Leirofossen er det sprengd ut eit inntak til Myster kraftverk. Eit anna inntak er anlagt som damkonstruksjon på tvers av Leirofossen. Litt lenger nede i fossen kryssar ein gangbru. Hovudstien opp til Leirovatnet følgjer nordsida av Mysterelvi/Leirofossen. I dette området finst òg planta gran. Høgstliggjande delar av nedbørsfeltet til Leirovatnet og Steinsedalselvi er utan tekniske inngrep. Leirofossen og Steinsdalen kraftverk ligg i randsona til eit om lag 130 km<sup>2</sup> stort naturområde med urørt preg. Iflg. tiltakshavar vil utbygginga berre i liten grad endra på dette.

Tiltakshavar hevdar vidare at dei tilhøyrande anleggselementa til kraftverka, slik som inntaksarrangement og tersklar, ikkje er store og ikkje vil dominera i landskapet. Kraftstasjonsbygningen vil bli plassert i eit område som allereie er påverka av andre inngrep. Redusert vassføring på dei respektive utbyggingsstrekka står etter utbyggjar si vurdering for den største endringa i landskapet. På nokre strekningar er det fossar og stryk over bart fjell. Her vil reduksjonen av vatn vera mest iaugefallande. Tiltakshavar legg til grunn at området vert nytta ein del til rekreasjon og fritidsføremål, og naturopplevinga vil kunna opplevast som redusert, i alle fall i dei periodane der det berre går minstevassføring.

Konsekvensen for «disse forholdene» (s. 27 i søknaden) vert av søkjar vurdert til totalt sett å vera liten.

## Biologisk mangfald

Det er registrert sju forskjellige raudlisteartar innanfor influensområdet til kraftverket; jerv, gaupe, strandsnipe, fiskemåke, hønehauk, stare og jøkulstarr. Tiltakshavar meiner ingen av desse vil bli sterkt påverka av tiltaka og vurderer samla konsekvens til «liten negativ».

Når det gjeld verdfulle naturtypar, peiker den biologisk rapporten på fossesprøytsone i tiltaksområdet til Steinsedalselvi kraftverk med C-verdi. Elles vert heile elveløpet i Steinsedalselvi rekna som nær trua naturtype.

Tiltaket medfører redusert vassføring i Steinsedalselvi m. sidebekker. Den registrerte fossesprøytsone ligg i nedre delen av Fjellbekken og er iflg. den biologiske rapporten venta å bli negativt påverka av redusert vassføring.

Det er ikkje registrert verdfulle naturtypar innanfor influensområdet til Leirofossen kraftverk. Når det gjeld karplanter, mosar og lav, vil redusert vassføring kunna gje negativ verknad på

fuktkrevjande artar langsmed begge dei to elvane, seier rapporten. Iflg. rapporten vil planlagd slepp av minstevassføring i Leirofossen og Steinsedalselvi tilsvarande 58 l/s bidra til å sikra førekomsten av ferskvassbiologiske organismar på påverka elvestrekningar.

For fugl og pattedyr meiner den biologiske rapporten at sjølve anleggsaktiviteten vil kunna vera negativ for fleire artar. Rapporten peiker også på at dei høgastliggjande områda for tiltaket i Steinsedalselvi kjem inn på Fjellheimen villreinområde, men at desse vestlege randområda er lite brukt av reinen.

Fisk Iflg. den biologiske rapporten er det lite fisk i Leirofossen og Steinsedalselvi.

#### Kulturminne

Fylkeskonservatoren har førebels meldt tre ikkje-registrerte, automatisk freda kulturminne i området. For ikkje å koma i konflikt med desse kulturminneområda vil tiltakshavar grava ned straumkabelen i eksisterande bygdeveg og elles etter tilvising frå fylkeskommunen.

#### Samfunns- og brukarinteresser

Det vil bli produsert fornybar energi som vil bidra til at Noreg kan oppfylle regjeringa sin handlingsplan i samband med EUs fornybardirektiv.

Tiltaket vil føra til auka skatteinntekter med eigedomsskatt til kommunen. Grunneigarar og Blåfall AS vil få auka inntekter. Lokale entrepenørar vil kunna sysselsetjast i anleggsfasen. Blåfall AS vil nytta lokale ressursar ved utbygging så langt det let seg gjera. I driftsfasen er det lagt til grunn at kraftverket vil føra til auka lokal sysselsetjing på om lag ¼ årsverk. Både i anleggs- og driftsfasen vil kommunen kunna få auka skatteinntekter som følgje av lokal sysselsetjing.

Stølsområda er i bruk av grunneigarane i området. Utbyggjar meiner beitetilhøva for sau og andre husdyr ikkje vil bli merkbar påverka i driftsfasen. Han legg også til grunn at området til ein viss grad vert brukt til jakt- og fritidsaktiviteter, og at redusert vassføring i driftsfasen kan minska opplevingsverdien av området.

### **Vurdering**

#### Landskap

I Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke vert influensområdet i Eksingedalen karakterisert som «elvedal» av «stor verdi». Eksingedalen skil seg ut «med sitt usedvanlege fosselandskap med kraftige stryk og sprang som i stor grad er godt synlige og knytta til det aktive og godt ivaretekne kulturlandskapet.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland er den øvste delen av tiltaksområdet verdsett til «sårbart høg fjell» av «stor verdi». For slikt landskap har planen slike retningslinjer (R3):

*1. I sårbart høg fjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.*

Tiltakshavar peiker på at «Leirofossen og Steinsedalen kraftverk ligger i randsonen til et ca. 130 km<sup>2</sup> stort naturområde med urørt preg». «Utbyggingen vil likevel bare i liten grad endre på dette» (s. 27 i søknaden). Bortfallet av INON synest å vera langt større enn tiltakshavar antyder og kjem i tillegg til større bortfall av INON i samband med utbygging av nabokraftverka Fjellfossen og Nonstadgilet. På fjellplatået mellom Myster og Hesjedalen stipulerer me bortfallet til å vera minst 10 km<sup>2</sup> i klassen 1-3 km frå inngrep. Det vil også vera eit mindre bortfall i klassen 3-5 km frå inngrep. Bortfallet er berre knytt til Steinsedalen kraftverk. For Leirofossen kraftverk er det ikkje bortfall.

I samband med bortfallet av INON vil me peika på at Steinsedalsvassdraget grensar til det verna Hesjedalsvassdraget, men at utbygging ikkje vil influera på vassføringa i vassdraget. Utbygging slik det er søkt om, vil føra til stort bortfall av INON i det største samanhengande INON-området i

Vaksdal kommune. Bortfallet vil ha negative konsekvensar både for opplevinga av landskapet og for eit villreinområde av «stor verdi». I tillegg vurderer me det slik at alle dei tre inntaka til Steinsedalen kraftverk på kote 740 i «sårbart høgfjell av stor verdi» vil ha negative konsekvensar for landskapet. Avbøtande tiltak i slike område kan vera tunneldrift til inntak 1 og 2 og veglaus utbygging vil kunna redusera konfliktgraden. Derimot vil røyrgate frå inntak 3 gå gjennom moreneryggen ned til Steinsedalselvi og gje eit stort naturinngrep for eit lite nedslagsfelt. Inntak 3 gjev også størst fråfall av INON-område.

#### Biologisk mangfald:

Det ikkje registrert «kritisk truga», «sterkt truga» eller «sårbare» raudlista artar i tiltaks- og influensområdet.

Når det gjeld naturtypar, er fossesprøytsona av C-verdi registrert like før Fjellbekken frå planlagd inntak 1 møter Steinsedalselvi. Redusert vassføring vil påverka fossesprøytsona negativt, men sona har ikkje stor nok verdi til at me vil rå frå utbygging av bekken. Etter utbygging vil bekken få ei minstevassføring på 5 l/s, lik alminneleg lågvassføring. Det kan synast lågt.

Sjølv om den biologiske rapporten hevdar desse vestlege randområda er lite brukt av villrein, er fjellområdet som Steinsedal-utbygginga grip inn registrert som «leveområde for villrein» av «stor verdi» (Direktoratet for naturforvaltning 2009).

Tre inntakdammar og røyrgate frå inntak 3 vil redusera dei inngrepsfrie områda i leveområdet monaleg, især inntak 3, og støy og annan påverknad i anleggsfasen vil også vera konfliktfylt. I tillegg vil dei søkte nabokraftverka Fjellfossen og Nonstadgilet auka den samla belastninga for leveområdet om dei blir bygde ut.

Inntak 3 er planlagd med 700 m røyrgate inn i eit større og flatare INON-område i det same villreinområdet og vil på grunn av meir omfattande tekniske inngrep ha større konfliktpotensiale.

#### Fisk

Iflg. den biologiske rapporten er det lite fisk i Leirofossen og Steinsedalselvi.

#### Kulturminne

I Hordaland fylkeskommune sine arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet for kraftverket. Tilstøytande anlegg som veg og kabelgrøft kjem i følge søknaden i området der det har vore kjent automatisk freda kulturminne. Kommunen viser slik til at det vil bli stilt krav om registrering jf. § 9 etter kulturminnelova i samband med tiltaket.

#### Friluftsliv og reiseliv:

Området vert brukt også regionalt og lokalt reiselivsmål.

Leirofossen er saman med Fjellfossen og Stigfossen godt synleg frå fylkesvegen i Eksingedalen. I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland er både Fjellfossen og Leirofossen framheva som attraksjonar for reiselivet fordi fossane er eksponert som eit tydeleg landskapselement. Gjennom Eksingedalen med innsyn til fossane og landskapsrommet rundt går også Nasjonal sykkelrute 4 og sykkelruta, Den grønne sløyfa gjennom Eksingedalen og Teigdalen og tilbake forbi Evanger og Bolstadøyri langs Vosso. Også sykkelrutene er registrert som attraksjonar som det er mogleg å kombinera med avstikkarar på det lokale nettet av turstiar, t.d. på stien langs fossane til Leirovatnet og fisking av aure, og slik få ei heilskapleg oppleving.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland har slike retningslinjer for reiseliv (R9):

*I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusera opplevingskvalitetane skal ein visa varsemd med løyve til ny vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkja å gjera tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.*

Utbygging av Leirofossen, som Stigfossen er ei fortsetjing av, vil etter kommunen si vurdering vera i strid med den store opplevingsverdien landskapsrommet inn mot Leiro har for reiselivet, inkludert opplevinga av Fjellfossen ned mot Leirovatnet, som kommune har rådd frå å byggja ut. I tillegg har

dette landskapsrommet potensiale for regionalt friluftsliv med oppleving av fossefall, gamalt kulturlandskap og fiske.

Tiltaks- og influensområdet til Leirofossen kraftverk grenser til Eidslandet og indre Eidsfjorden. Om denne delen av Modalen-Eksingedalen delområde seier Fylkesdelplan for små vasskraftverk at «det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden».

Til liks med Fjellfossen er det kommunen si vurdering at Leirofossen er så eksponert at fossen ikkje bør byggjast ut.

Etter kommunen si vurdering vil Leirofossen kraftverk vera i strid med den store opplevingsverdien landskapsrommet inn mot Leiro har for reiselivet, inkludert opplevinga av Fjellfossen ned mot Leirovatnet, som kommunen også har rådd frå å byggja ut. I tillegg har dette landskapsrommet potensiale for regionalt friluftsliv med oppleving av fossefall, gamalt kulturlandskap og fiske. Leirofossen er eit eksponert og godt synleg landskapselement frå fylkesvegen i Eksingedalen. Minstevassføringa det er søkt om, vil ikkje vera høg nok til å ivareta den heilskaplege landskapsopplevinga som fossen er ein del av. Det vert rådd frå å gje konsesjon til Leirofossen kraftverk.

Konfliktar i samband med utbygging av Steinsedalselvi kraftverk er først og fremst knytta til landskap og villrein. Ein vil få eit tap av INON-område på ca 10 km<sup>2</sup>. Alle dei tre inntaka til kraftverket ligg i sårbart høgfjellsområde av høg verdi og leveområde for villrein. Røyrgate fram til inntak 3 vil ha svært negative konsekvensar for store sårbare fjellområde og for leveområde for villrein.

Det vert tilrådd utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav:

Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig lakseelv.